

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Digitalt møte, teams
Dato: 04.04.2022
Tidspunkt: 09:00

Møtet vert gjennomført digitalt på Teams.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753, eller e-post til fmsfano@statsforvalteren.no. Vararepresentantar møter etter nærare melding.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/22	Orienteringar og referatsaker - Brosjyre for Stølsheimen landskapsvernområde		
RS 4/22	Notat - dialogmøte om besøksforvaltning - 10.03.2022		2021/16652
ST 11/22	Delegerte saker		
DS 2/22	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport av ved og proviant		2022/4528
DS 3/22	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport - båt		2022/4522
ST 12/22	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Fjellhytta i Ortnevik - nytt bygg		2022/3603

ST 8/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 9/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 10/22 Orienteringar og referatsaker



Møtedeltakarar

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/16652-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 16.03.2022

Notat - dialogmøte om besøksforvaltning - 10.03.2022

Dialogmøtet vart gjennomført som eit digitalt møte på Teams.

Deltakarar:

Tirill Evensen – planavdeling Aurland kommune
Linn-Janette Underdal Skarsbø – næringsrådgjevar Aurland kommune
Ellen T. Astrup – Klima- og miljørådgjevar Voss herad
Tore Henrik Øye – landbruksrådgjevar Vaksdal kommune
Marta Rongved – seniorrådgjevar reiseliv, Vestland fylkeskommune
Helene Ødven – Bergen og Hordaland Turlag
Ståle Brandshaug – representerte Visit Sognefjord
Gry Bystøl – Visit Voss
Snædis Laufey Bjarnadóttir – Nærøfjorden Verdsarvpark
Erling Oppheim – Nærøfjorden Verdsarvpark
Jorunn Vallestad – verneområdeforvaltar Nærøfjorden og Stølsheimen
Anbjørg Nornes – verneområdeforvaltar Nærøfjorden og Stølsheimen

Verneområdeforvaltarane og Nærøfjorden verdsarvpark har tatt initiativ til dialogmøte om besøksforvaltning. Møtet var ein oppfølging av møtet i rådgjevande utval for Nærøfjorden i haust, arbeid med besøksstrategi for Nærøfjorden og Stølsheimen og tidlegare samarbeid med Visitselskapa om felles informasjonsarbeid. Målet med møtet var å få til eit tettare samarbeid og bli meir sameinte og koordinerte når det gjeld besøksforvaltning (besøksstrategi) i og rundt verneområda/verdsarven vår (Nærøfjorden og Stølsheimen). Det har i fleire høve vore snakka om at vi burde få til anten årlege eller halvårlege samordningsmøter.

Orientering om prosjekt i kommunane og organisasjonane:

Aurland kommune

Besøksforvaltning er ein del av samfunnsdelen av kommuneplanen. Kommunen deltek i Prosjekt Gnist – distriktsutviklingsprosjekt med kommunane Luster, Sogndal og Aurland. Undredal er med frå Aurland – Korleis utforske framtidens reiseliv og legge til rette for ei berekraftig bygdeutvikling som tek vare på lokale kvalitetar. Les meir om prosjektet på denne utlyste konkurransen: <https://doga.no/gnist2022>

Visit Voss

Har vore involvert i utfordringane knytt til besøk til Jordalen og Bakkanåsi. Nye turar og turmål dukkar stadig opp, og som gjev utfordringar for natur og lokalsamfunn. Ny reiselivsstrategi for heile Voss er under arbeid.



Visit Sognefjord

Masterplan for heile Sogn vart vedtatt i desember 2021. Jobbar med tiltaksdelen av planen. Ståle Brandshaug er leigd inn til å arbeide vidare med denne delen av planen. Berekraftig reiseliv involverer mange sektorar, og det er viktig med møtepunkt for å samordne innsatsen. Det er 4 tiltaksområde i Masterplan der det vil vera trong for organisering med arbeidsgrupper. Det er etablert ei gruppe med verneområdeforvaltninga i Sogn og verdsarvkoordinator som skal ha faste årlege møte. Gruppa som er på møte i dag kan vera ei anna arbeidsgruppe. Alle bør gå inn i Masterplan å sjå på oppbygging og organisering av tiltaksområda.

Visit Sognefjord har fått tildelt Merke for berekraftig reisemål. Kriterielista for berekraftig reisemål er god. Her er det mykje relevant materiale for å utvikle eit berekraftige reisemål. Fellesgodeprosjekt, eit samarbeidsprosjekt mellom Visit Sognefjord og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, er arbeid med i fleire år. Dersom prosjektet vert godkjent av regjeringa, vert områda som er med i dette prosjektet truleg med som eit pilotprosjekt frå sommaren 2022.

Visit Sognefjord jobbar med Sognevetreglar med inspirasjon frå andre område sine ferdselsreglar. Første versjon av desse reglane er formidla til kundar og besøkande.

Visit Sognefjord har ein kampanje i år med velja ut turar på ut.no. Alle kommunane i Sogn er utfordra på å plukka ut 8 løyper pr. kommune og skriva omtale for kvar tur. Desse vert lagt på ut.no. Lokale skal skriva omtale av kvar tur. Desse turane vert vektlagt i marknadsføringa. Destinasjonsselskapa kan spre dette mot bedriftene.

Bergen og Hordaland turlag (BHT)

16 lokallag tilknytt BHT. Dei har tett samarbeid med Voss Utfersdslag. BHT kan ta med innspel frå dette møtet til dei andre turlag.

Det er i overkant av 40 000 medlemmer i Vestland fylke.

BHT arbeider mykje med kommunikasjonsarbeid, har eigen berekraftstrategi - enkelt friluftsliv og ta vare på natur- kulturlandskap viktig også for turlaga. Dei har 2 tilsette på naturvernarbeid.

DNT-vest arbeidar med naturvern, sporlaus ferdsel, folk skal gå trygt med stiar og kvisting, og folk skal oppføra seg på tur.

Villrein er eit anna tema dei har engasjert seg i, mellom anna for villreinen på Hardangervidda. Hyttene er stengd i kalvingstida for å unngå ferdsel til hyttene.

Nærøyfjorden verdsarvpark

Nærøyfjorden verdsarvpark er ei stifting oppretta av 4 kommunar (Aurland, Lærdal, Vik og Voss) i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Stiftinga arbeider i skjeringpunktet mellom bruk og vern - berekraftig næringsutvikling i verdsarvkommunane. Arbeidsområda er tilrettelegging og informasjonstiltak, lokalsamfunn og natur- og kulturverdiar.

Dei arbeider med informasjonstavler i verdsarvområdet i samarbeid med verneområdeforvaltarane, tilrettelegging av stiar i kommunane i verdsarvområdet. Dei har hatt spesielt ansvar tilrettelegginga for ferdselen i Aurlandsdalen.

Andre oppgåver er sporlaus ferdsel, og diverse informasjonsmateriell.



Vik kommune

I påsken 2021 vart RV13 over Vikafjellet stengt pga. parkeringskaos ved kommunegrensa. Klårt størsteparten av bilane kom sørfrå. Det må ikkje skje igjen. Her tenkjer me at Voss herad og Voss fjellandsby har eit ansvar for tiltak, t.d. oppbrøyting av parkeringsplassar - også på Vossa-sida, samt god informasjon til turistane. Trafikk-dirigering?

Påsken er sein i år og fell saman med kalvingstida for Villreinen. I tillegg er det mykje snø i fjellet slik at det vil ta lang tid før reinen får tilgang til beita. Nedising av beita ser også ut til å vera omfattande i år.

Ber difor om at alle partar informerer godt om at villreinen IKKJE må uroast.

Vestland Fylkeskommune

Fylkeskommunen har mange ansvarsområde som har verknad på besøksforvaltninga – friluftsliv, vegane, samferdsel, konsesjon, plan, verneområde, opplæring av reiselivet, nasjonale turiststiar.

Er i gang med prosjekt **Besøksforvaltning i Vestland** – inspirasjon frå Nordland fylke sitt arbeid med besøksforvaltning. I forprosjektet er det sendt ut spørjeskjema til alle kommunane i Vestland, i tillegg til andre organisasjonar, mellom anna destinasjonsselskap og Verdsarvparken.

Firma PVC er leigd inn i forprosjektet. Prosjektrapport klar neste veke, og kan sendast ut til alle deltakarane i møtet.

Nokre resultat frå spørjeundersøkinga i forprosjektet:

- Vi treng systemendring for å unngå å stramma inn i ettertid.
- Trengsel og slitasje i tettbygde strøk
- Fylkeskommunen har ei sentral rolle som samfunnsutviklar. Utvikling av samfunn på lokalsamfunnet sine premisser.
- Kommunane manglar midlar og planverk for besøksforvaltning.
- Kommunane sitt planarbeid er ekstremt viktig i berekraftig reiseliv.
- Fragmentert forvaltning i fylkeskommune, departement, kommunane, og reiselivsorganisasjonar.
- Manglar heilskapleg samordning på tema reiseliv.
- Manglar kven som har hovudansvar

Hovudprosjekt

- Satsingsområde: utvikla samskapingsmodellar for besøksforvaltnings, auka kompetanse, verktøykasse for besøksforvaltning t.d. lovverket - friluftsliv plan og bygningslova m.m., kunnskapsgrunnlag om kvar turistane bevegar seg, aktiv mot nasjonale styresmakter, lokal verdiskaping som gjev inntekt til lokalmiljø og kommunane, heilårs arbeidsplassar.
- Plukka ut pilotområde i hovudprosjektet. Kan ikkje rulla ut i 43 kommunar. 2 område meldt interesse så langt, Hardangerrådet og Stryn. Ynskjer fleire kommunar skal melde interesse å vera med som pilotområde.

Tema og utfordringar som vart diskutert på møtet

- **Fellesgodeprosjektet** bør samordnast med Vestland fylke sitt besøksforvaltningsprosjekt. Ståle og Marta tek kontakt etter møtet for å samordna prosjekta.



- Turistforeininga og andre frivillige lag bidreg med tilrettelegging, og er ein god samarbeidspart lokalt. Infrastruktur med **sti- og løypeplan** vert arbeidd med i mange kommunar. DNT og lokale lag vert dratt inn i desse prosessane. Viktig å kople desse planane i besøksforvaltninga. Viktig kopling mot kompetanseutvikling i kommunane. **Nasjonale turistvegar light** – turmål som dukkar opp og kan bli eit problem for lokalsamfunn. Her bør det også vera midlar. Fanga opp dei lokale turmål og utfordringar før det vert eit problem.
- **Avfall og forsøpling** viktig tema i besøksforvaltning. Voss herad er i oppstart av ein plaststrategi – bruk og handtering. Avfall og forsøpling bør synleggjerast i prosjektet besøksforvaltning. Det må løftast høgare opp i systemet for å førebygge forsøpling av plast, ikkje berre ha ryddeaksjonar. Kartlegge kjelda til plast. Kan vi unngå plastemballasje på turisthytter, båtar m.m.
- Hardangerrådet startar prosjekt Rydde heile Hardangerfjorden dette året. Nærøyfjorden har også utfordringar med plastsøppel.
- **Tålegrense og kapasitet** - på destinasjonar, turvegar og lokalsamfunn. Finst det modellar for kapasitet for eit reisemål? Handteringsevne er ein del av besøksforvaltningsprosjektet til fylkeskommunen. Kapasitetsanalyse i Stavanger gjort av 2469-reiselivsutvikling. Tålegrensa er vanskeleg tema. Det handlar om alle ledd i besøksforvaltninga. Det er subjektivt kva som er for mykje besøk. Tålegrense er meir konkret og lettare å måle når det gjeld verknad på natur- og kulturverdiar. Totalbelastning på eit område er viktig - må kople på lokale innbyggjarar.
- **Allemannsretten 2.0 / ferdselsstyring** – vi har ikkje gode nok verktøy i lovverk for å regulera ferdselen. Det er på gang ei utprøving av regelverket. Allmenn bruk av naturen har endra seg mykje sidan lovverket kom. BHT er opptatt av allemannsretten, men meiner det er viktig med diskusjon om korleis få fram både rettar og pliktar i allemannsretten. Dei ser ulempene når folk ikkje forstår pliktene. Vi må vera like flinke å fortelja om ansvar vi har for å ta vare på dei flotte naturområda, som vi er av å skryta av områda. Miljødirektoratet er involvert i arbeidet som pågår om handtering av allemannsretten.
- **Nye nasjonalparker** i området vårt, mellom anna Hornelen, Modalsfjella og Øystesefjella – er det mogleg å vurdere ulik vernestatus i og rundt desse områda? T.d. landskapsvernområde der det er høgast besøkstrykk? Kan regelverket utformast med bakgrunn i kjende problemstillingar i besøksforvaltninga i andre verneområde?
- **Besøksforvaltning – kven har ansvar?** Kommunen må vera tverrsektoriell, og arbeida med besøksforvaltning. Kommunen har gjeve ansvaret for reiseliv til Visit-selskapa, og med det teke tenkt mindre på besøksforvaltning i kommunale planar. KS – har aktivitet for å få kommunane til å ta samfunnsansvar for besøksforvaltning. KS var involvert i Nordland. Marta har prøvt å ta kontakt med dei i prosjektet dei har, men har ikkje fått svar.

Nye turmål og utfordringar

Skikøyring på randone i laussnø har blitt ein stor aktivitet, m.a i Raundalen og Jordalen på Voss. Ofte er det store grupper i lag. Dette bør organiserast med bussar.

Andre populære turmål som vart nemnt: Oksen og Tjoflott, Sotra og kystpass. Til nye område er det viktig med styring gjennom god informasjon. Det må vera tett og god dialog med grunneigarane.



Ut.no er ein av dei viktigaste informasjonskanalane når folk planlegg turar. Eit prosjekt er starta opp for å gjera informasjonen på denne sida betre, og kvalitetssikre turane som vert lagt ut. Det var ingen på møtet som kjende til kva som skjer i dette prosjektet. Helene nemnte at Trygve Sunde Kåldrup i DNT kanskje kunne ha meir informasjon.

Båtferdsel på Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er meldt inn som ei utfordring komande sommarsesong, med konsesjon til fleire båtar. På Bakka er dei bekymra for auka støy, ureining og bølgeerosjon langs strendene.

Informasjon til besøkjande og styring av ferdse

Nye turmål kjem opp gjennom deling på sosiale media og skapar problem med stort besøkstrykk. Vi kan ikkje hindre sosiale media, men vi kan informera om andre turmål.

Ståle viste til tilsvarende problem i Kaupanger, der sykling var eit problem. Tilrettelegging og god informasjon var god løysing for dette området. Han meiner det er betre å snakka om Bakkanosi og korleis oppføra deg der, enn at folk finn ut av det sjølv. Vi må sei dei rette tinga om problematiske turmål. God informasjon med vekt på kva folk bør og ikkje bør. Minna om at det er sårbare plassar, og visa til andre stader å gå. Kundane og gjestene forstår informasjonen som vert gitt, og har lyst å ta vare på områda.

Turmål som Bakkanosi og Bakka må sjåast i eit lokalsamfunnsperspektiv. Dei som bur i området vil ha verktøy der dei kan sei nok er nok når det gjeld tal gjester på parkeringsplassar m.m. Kan raudt lys før tunellane til Jordalen og Bakka vera ei løysing?

Kan oppfølging med besøksvertar vera ei løysing på område som Jordalen, Bakkanosi og Bakka? Besøksvertane kan informera folk på staden.

Verneområde har valt å ikkje ta med sårbare område i brosjyrar og på nettsider, men ta med informasjonen på skilt når folk er komen på plassen. Vanskeleg balanse å informera på beste måte.

Felles informasjonsarbeid

Møtedeltakarane var einige om å dele felles ferdselsreglar med utgangspunkt i Sognevettreglane Visit Sognefjord har jobba med. Vi kan samla ferdselsreglar i ein pott som alle kan bruka. Erling ser på om Nærøyfjorden verdsarvpark kan ta på seg dette arbeidet og koordinere det vidare.

Trolltunga AS har arbeid med mykje med informasjon om området. Dei kan sikkert dela sin erfaring. Eit anna tips er informasjonsvideo frå Lofoten:

<https://www.nfk.no/besoksforvaltning/nyttig-fra-andre/video/informasjonsfilm-om-mote-med-sau-pa-beite.31981.aspx>

Andre gode døme på ferdselsreglar: ferdselsreglar i Hardanger, ferdselsreglar frå Miljødirektoratet, og ferdselsreglar på nettsidene til verneområde og nasjonalparkane.

Vegen vidare for samordning

Alle deltakarane meinte denne type møtefora er viktig i arbeidet med besøksforvaltning. Det er trong for samordning mellom ulike organisasjonar og forvaltningsmynde. Nærøyfjorden



Nærøyfjorden verneområdestyre

verneområdestyre har sett av noko midlar til informasjonsarbeid i år, og dei kan brukast til informasjonskampanjar eller møte.

På møte kom det framlegg om eit fysisk møte på våren, og eit digitalt på hausten. Vi kan starta med dei som var invitert til dette møtet, og utvida etter kvart. Alle bør tenke på kven som bør inviterast, og kva tema som kan vera aktuelle på møte.

Det bør også vurderast om det er mogleg å bruka etablerte møteplassar for unngå for mange møteplassar.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

ST 11/22 Delegerte saker



Utval	Delegeringssak (DS)
Stølsheimen verneområdestyre	

Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport av ved og proviant

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Stølsheimen verneområdestyre gjev løyve til å transportera ved med snøskuter frå rv. 13 i starten av Sendedalen til stølshuset ved Kringlavatnet i Sendedalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 1 tur (tur/retur) frå 24. mars til og med 07. april 2022.
- Dersom det er mogleg, skal transporten samordnast med anna transport i området.
- Av omsyn til friluftslivet, skal det ikkje køyrast på søndagar.
- Det skal køyrast etter den vanlege køyretraseen inn Sendedalen.
- Snøskuterkøyninga skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av ved. Under køyning skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det er villrein i området må transporten stoppast, eller køyreruta leggjast om for å unngå møte med villreinen.
- Det skal meldast frå om transporten til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen på tlf. 97097720 seinast dagen før transporten vert gjennomført.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen startar. Køyrebok og dette løyvet skal vera med under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport eller retur av køyreboka til sekretariatet innan 1. mai 2022.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta, og at det i tillegg på innhentast naudsynt løyve til motorferdsle frå Voss kommune og grunneigarar i området.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:




- Søknad frå Johnny Himle om løyve til transport av ved og proviant med snøskuter til stølshuset i Sendedalen, datert 22.03.2022


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Johnny Himle søker om løyve til transport av ved og proviant med snøskuter til stølshuset sitt i Sendedalen. Køyretrase er frå parkeringa ved rv. 13 i starten av Sendedalen og inn Sendedalen. Det vert søkt om transport frå 22. mars til 7. april 2022. Køyrreruta er som tidlegare år, frå Telegrafhytta ved rv. 13 til Kringlavatnet.



Køyretrase. Kopi frå tidlegare søknad



Utklipp frå Fylkesatlas

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «nauðsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.



Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Fråvær av unødig støy er eit viktig prinsipp i alle verneområde. Søknaden gjeld transport av ved og proviant til stølshuset/hytta. Bygget var i si tid sett opp som ei gjetarbu. Himle er rettshavar i Sendedalen, men har ikkje beitedyr i området i dag, og bygget vert nytta som fritidsbygg. Transport av materiale og utstyr i samband med bygging er eit av tiltaka det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. I verneforskrifta er det berre til turisthyttene det er opna for transport av ved og proviant. Det er behov for å transportera ved til stølshuset for å kunne nytta stølshuset i fritidssamanheng. Forvaltar vurderer transport av ved som naudsynt transport, og vurderer at løyve til dette føremålet er i tråd med verneforskrifta og føringane i forvaltningsplanen

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Villrein nyttar dette området på vinterstid jf. registreringar av SNO. Det er viktig å avgrensa motorferdsle i området til naudsynt transport for å unngå uro av villreinen på ettervinteren. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har kome med kommentar i samband med anna søknad om motorferdsel i dette området, og dei påpeikar at Sendedalen kan vera sårbart område for villreinen. Dette er eit viktig trekkområde for villrein der dei kryssar rv. 13. Transportruta frå rv. 13 til stølande er forholdsvis kort, og villreinnemnda oppmodar difor om at det vert køyrt fleire turar pr. dag for å redusera dagar med motorferdsel. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vart vurdert som godt for og vurderer saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vart tillagt liten vekt.

Frakt av ved med snøskuter vil vera ein praktisk god løysing som ikkje gjev varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen, men med vilkår om å avgrensa køyringa til naudsynt transport. Himle hadde transport til same føremål for to år sidan. Dette er i tråd med tilrådingar frå forvaltninga om transport av ved for fleire år det året det er transport. I forvaltningsplanen for Stølsheimen er det retningslinjer om å ikkje gje løyve til motorferdsel etter 10. april av omsyn til villreinen i området. I fylgje flyteljingar no i vinter, er villreinen i nærområdet, men det er ikkje kjende observasjonar av villrein i Sendedalen. Dersom villreinen vert observert i området, skal transporten stoppast, eller køyreruta leggjast om for å unngå møte med villreinen.

Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga på området og økosystemet jf. naturmangfaldlova § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa motorferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet. Grunneigarane/hytteigarane er oppmoda om å samordne transporten.



Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.



Arkivsaksnr: 2022/4522-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 23.03.2022

Utval	Delegeringssak (DS)
Stølsheimen verneområdestyre	

Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport - båt

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Myrkdalen grunneigarlag v/Gunnar Flisram får løyve til å transportera båt med snøskuter frå Lars-Olavatnet i Sendedalen til rv. 13 i perioden frå 24. mars til og med 7. april 2022. Transporten er i samband med transport av ein gamal båt ut frå Sendedalen.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 1 tur (tur/retur) mellom rv.13 og Lars-Olavatnet med 2 snøskutrar.
- Transporten bør samordnast med anna transport som føregår i området på same tid.
- Av omsyn til friluftslivet, bør det ikkje køyrast på søndagar.
- Det skal køyrast etter den vanlege køyretraseen inn Sendedalen.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det er villrein i området må transporten stoppast, eller køyreruta leggjast om for å unngå møte med villreinen. Av omsyn til villrein skal transporten gjennomførast som snart som råd, og innan 7. april.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen startar. Køyrebok og dette løyvet skal vera med under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport eller retur av køyreboka til sekretariatet innan 1. mai 2022.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta, og at det i tillegg på innhentast naudsynt løyve til motorferdsle frå Voss kommune og grunneigarar i området.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



- Søknad frå Myrkdalen grunneigarlag om løyve til å transportera i Sendedalen med snøskuter, søknad datert 21.03.2022


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Gunnar Flisram søkjer på vegne av Myrkdalen grunneigarlag om løyve til å bruka snøskuter til å transportera ein gamal båt frå Lars-Olavvatnet i Sendedalen til rv. 13. Grunneigarlaget har fått ny båt, og ynskjer å transportera båten som ikkje er i bruk lenger ut av verneområdet.

Søknaden gjeld transporten i tidsrommet 21. mars til 12. april 2022.

Motorferdsel i verneområde - søknad



Køyrerute. Kopi frå søknad

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det



skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «*naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre*» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld transport av ein gamal båt frå Lars-Olavatnet til rv. 13. Myrkdalen grunneigarlag har fått ny båt i dette vatnet, og ynskjer å frakta utstyr som ikkje lenger er i bruk ut av området. Transportruta frå rv. 13 til Lars-Olavatnet er forholdsvis kort. Transport til særlege grunnar kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. Transport av båten ut av området er positivt for verneområdet, og tiltaket vil ikkje vera i strid med reglane i verneforskrifta.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Stølsheimen er ein del av Fjellheimen villreinområde, og villrein nyttar området nær Sendedalen og Grøndalen heile året. Det er ikkje kjende registreringar av forstringsflokkar i Sendedalen så langt i år jf. informasjon frå SNO og villreinteljingar. Det er likevel viktig å avgrensa motorferdsle i området til naudsynt transport for å unngå uro av villreinen som kan vera i området. Dette er spesielt viktig på ettervinteren som er ei særleg sårbar tid for villreinen. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har i sin kommentar til tidlegare saker påpeika at Sendedalen kan vera sårbart område. Dette er eit viktig trekkområde for villrein der dei kryssar rv. 13. Villreinnemnda oppmodar difor om at det vert køyrt fleire turar pr. dag for å redusera dagar med motorferdsel. Villreinnemnda påpeikar at dette området er eit svært viktig trekkområde for villreinen gjennom heile året. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vart vurdert som godt for og vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vert difor tillagt liten vekt.

Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa motorferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet. Grunneigarane/hytteigarane er oppmoda om å samordne transporten. Det er med å avgrensa motorisert ferdslar i verneområdet.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Frakt med snøskuter vil vera ein praktisk god løysing som ikkje gjev varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår.



Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde er det gitt føringar om at det ikkje bør gjevast løyve til motorisert ferdsel i perioden 10.04 til 01.07 i eller nær kjende kalvingsområde og dersom det er kunnskap om at villreinen er i området. Tiltakshavar vert oppmoda om å gjennomføra transporten så snart som råd og før 7. april. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	12/22	04.04.2022

Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Fjellhytta i Ortnevik - nytt bygg

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Ortnevik Grendelag løyve til å rive og bygge opp att fjellhytta på fjellet mellom Vikjeskåra og Preikestolen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det gamle bygget skal rivast, og nytt bygg skal setjast opp att på same staden.
- Hytta skal byggjast etter same prinsippet som den gamle med enkelt reisverk. Utvendige mål på bygget skal ikkje endrast. Utvendige mål skal vera inntil 3,2 meter x 4,2 meter flate, og mønehøgde på inntil 3,1 meter.
- Fasade på bygget skal ikkje endrast. Det vil sei at bygget skal ha liggande kledning med ulik breidde. Vindauge i gavlveggen skal ha same utforming som eksisterande vindauge, og same ytre mål som skodda for vindauge vist på foto frå 1995. Det skal vera gjennomgåande sprosser i vindauga. Dør og dørøpning skal ha same storleik og utforming som døra i bygget i dag.
- Takvinkel og takutstikk skal ikkje endrast, og vera i tråd med teikningar som er lagt ved søknaden. Taktekkingsmateriale skal vera bylgjeblikk med svart/grå farge.
- Kledningen på hytta skal ikkje målast, men gråne naturleg.
- Det kan støypast grunnmur under hytta på langsida mot nord, eller berre i hjørna på nordveggen, for å få flatt underlag til hytta. Høgda skal avgrensast til det som er naudsynt for å få flatt underlag. Grunnmuren skal blendast med stein frå området. Betongmuren skal i størst mogleg grad ikkje vera synleg frå utsida. Alternativt til støypt grunnmur, kan grunnmur murast av stein som kan boltast fast i fjellet.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal fraktast ut av området.
- Bygget er ei sikrings- og kvilebu, og skal stå open for folk som vandrar i fjellet.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.



- Løyve til tiltaket er gyldig til 31.12.2025. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta innan denne dato.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta og naturmangfaldlova. Søklar må ta kontakt med Høyanger kommune for løyve etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om ny Fjellhytte, Ortnevik Grendelag, datert 22.02.2022

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde. Rapport nr. 4-2011, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

Ortnevik Grendelag søkjer om å få bygge opp att Fjellhytta på fjellet mellom Vikjeskåra og Preikestolen i Stølsheimen landskapsvernområde. Hytta vart bygd rundt år 1900. Hytta som står der i dag er i dårleg stand, og dei meiner materialen i bygget ikkje kan nyttast opp att i restaurering av bygget. Dei ynskjer å bygge ei ny hytte med same utforming og storleik som eksisterande hytte. Hytta har vore ei sikrings- og kvilebu, og skal framleis vera det. Hytta skal stå open for folk som vandrar i fjellet.

Utdrag frå søknaden:

Solrenningane er vel den største og mest kjende fellesstølen i Stølsheimen. Buføringa frå Ortnevik til Solrenningane tok ein dryg dag. Dei førte storfe over det som vart kalla "vegane til Solrenningane" fram til 1936. Stølsvegen har fleire naturfenomen som det er knytt immaterielle minne eller historier til.

Vegane til Solrenningane går over tre fjellparti; fyrst Vikjeskåra, så Preikestolen og sist Blåfjellet rett før nedgangen til stølen. Fjellhytta ligg halvvegs frå Ortnevik til Solrenningane, mellom Vikjeskåra og Preikestolen. Fjellhytta er ei sikringsbu reist av bydefolket i Ortnevik. Den opne hytte har også fungert som kvilebu og ein stad å finne lè og krype inn for å ete matpakke i dårleg vær for dei som går vegane til Solrenningane. - Eller ein stad å vente på at skodda skal lette.



Bilde av hytta i dag:




Fjellhytta. Foto Inge Brekke



Fjellhytta. Foto Nils Kvamme, ca. 1995



Planteikning av Fjellhytta. Kopi frå søknad



Kart med markering av Fjellhytta. Kopi frå fylkesatlas

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materiale kan gjennomførast utan særskilt løyve. I fylgje verneforskrifta punkt VI nr. 3 kan forvaltningsmynde gje løyve til «Restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsområda». Fjellhytta er ikkje eit stølshus, og tiltaket må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen som er § 48 i naturmangfaldlova «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». I denne saka kan det vera aktuelt å vurderast dispensasjon etter fyrste ledd og fyrste alternativ: «ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

Fjellhytta har vore i området sidan før vernet, og er ikkje eit nytt tiltak. Det er planlagt å rive den gamle Fjellhytta og sette opp ei ny tilsvarande hytte. Søknaden vert vurdert som søknad om oppføring av ny hytte. I verneplanprosessen var restaurering av bygningar og kulturminne vurdert, og det er gitt eigne reglar i verneforskrifta som opnar for vedlikehald, restaurering og oppattføring av stølshus. I tillegg kan verneområdeforvaltninga vurdere søknad om oppføring, utviding eller ombygging av turisthytter til allmenn bruk. Fjellhytta i Ortnevik er ikkje ei turisthytte, men den har stått open til fri bruk for dei som vandrar i fjellet. I denne saka må det vurderast om det er heimel etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til rive og bygge opp att hytta. Det har vore eit bygg her frå før vernet, og det skal setjast opp att tilsvarande bygg til same føremål. Tiltaket er ikkje eit nytt større teknisk inngrep. Bygget har i lang tid dekkja eit særskilt behov, og det skal framleis vera ei sikringsbu som skal stå open for allmenn bruk. Forvaltninga kjenner ikkje til at det er andre bygg med tilsvarande føremål i dette verneområdet. Forvaltar vurderer vilkåra som oppfylt for å vurdere tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og rapporten om stølar i Stølsheimen. Området ligg innanfor Fjellheimen villreinområde, men det er ikkje kartlagt som viktig leveområde for villreinen. Erstatning av den gamle Fjellhytta med ei ny hytte vil ikkje gje auka arealinngrep i dette området, og vil lite truleg ha negativ verknad for villreinområdet. Det er ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar i nærområdet til Fjellhytta (Naturbase 15.03.2022). Ved utløpet av Øksefjellvatnet er det registrert fangstanlegg, som er freda kulturminne. Anlegget ligg i god avstand til Fjellhytta. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga tiltaket vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. I Stølsheimen landskapsvernområde er det ikkje andre hytter som er bygd som sikrings- og kvilebu ved ein buføringssti til støls. Buføringa frå Ortnevik til Solrenningane er lang, og går over eit høgt fjellparti som er utsett for raskt vêrskifte. Fjellhytta var viktig for ferdselen i fjellet, og kan vurderast som eit historisk bygg i dette området. Bygging av ny hytte på denne plassen vil difor truleg ikkje skapa presedens for tilsvarande saker i dette verneområdet. Hytta skal ikkje utvidast for å gje auka overnattingskapasitet. Tiltaket vil ikkje føra til auke i bygningar i verneområdet, og vil lite truleg gje auka ferdsel ut over det som er i området i dag. Bygget er sett opp som eit enkelt reisverkbygg, og er eit viktig kulturminne som fortel ei historie om bruken av området. For å ta vare på den historiske verdien til bygget, er det viktig å ikkje endra på utforming og fasade på bygget, men vidareføra dei knappe detaljane som viser den enkle utforminga av bygget.

For å gjennomføra tiltaket, vil det vera bruk for transport med helikopter. Den samla belastninga av tiltaket er likevel vurdert som liten. På bakgrunn av kunnskapen om området og tiltaket, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil skada verneverdiane, og bygget vil i liten grad påverka landskapets art og karakter.

Den beste løysinga ville vera å sette i stand hytta. Men på grunn av store skadar på bygget, vil riving av eksisterande bygg og bygge opp att ein kopi av hytta vera ei god løysing for dette



tiltaket. Bygget skal ha same utforming og storleik, og fasaden bør vera den same for å ta vare på historia til bygget. Søkjar ynskjer å sette inn eit større vindaug i bygget enn det som er der i dag for å få meir lys inn i bygget. Dei har ikkje måla på eksisterande vindaug, men opplyser at det nye vindauga vert litt større, og vil vera 1,2 meter x 1 meter. Alternativt til eit større vindaug i gavlen, er litt mindre vindaug her, og eit vindaug i kvar langvegg. Tradisjonell byggeskikk for stølshus er små vindaug. Dette bygget er ikkje eit stølshus, men vindauga bør likevel ikkje gje store endringar på fasaden på bygget. Forvaltar vurderer difor at den beste løysing er å ikkje endra på storleik på vindauga, og ikkje setja inn fleire vindaug. Ut frå måla på planteikningane, vil eit vindaug på inntil 1,2 meter x 1 meter verta for dominerande i dette bygget. Forvaltar tilrår at det vert sett inn vindaug med same storleik som vindaug som er i bygget i dag. Bildet frå 1995 viser skodde for vindauga (bilde i saksopplysingane). Dette gjev ein omtrentleg storleik på vindauga. Søkjar må ta mål av vindauga når bygget vert tatt ned for å vite kva storleik vindauga skal ha. Dersom hytta vert isolert, skal det nyttast ein type isolasjon kan ta opp og avgje fukt, og som kan stå utan dampsperre (plast).

Døropning og dør, høgde, takvinkel og takutstikk skal vera likt med dagens bygg. Av omsyn til miljø og ressursutnytting, bør all materiale som er i brukbar stand nyttast opp att i bygget.

Hytta som står der i dag står rett på fjellet, og er blitt skeiv på grunn av hellande terreng. Hytta er sett på plass att fleire gonger etter at vind og snø har flytta på hytta. Det vert søkt om å få støype ein mur under hytta for å få lik høgde på heile tomte. Søkjar vil laga den så låg som mogleg med forankring i fjell. Det kan gjerast ved å setja hytta på søyler i hjørna, eller støype grunnmur. Alle hjørna må forsterkast med forankring i fjellet under hytta. Muren skal forblendast med stein frå nærområdet. Murane som er der i dag vil bli liggande som no. Alternativ løysing er å bygge steinmur med forankring i fjellet, i staden for betongmur. Søkjar meiner det naudsynt å nytte betong for å unngå at snø og vind flyttar hytta. Bruk av betong i fjellet bør helst ikkje brukast då betong er vanskeleg å reparera. Forvaltar meiner likevel det kan vera naudsynt å bruka betong for å sikre steinmuren under hytta på langsida mot nord. Betongmuren skal blendast med steinmur, og skal ikkje vera synleg frå utsida. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar planlagt byggearbeidet er ei bra miljømessig løysing for dette tiltaket jf. nml. § 12, både med betongmur og steinmur. Tiltakshavar må velja den løysinga som sikrar bygget på best mogleg måte, og som ikkje gjev endringar på fasaden på bygget.

Fylkeskommunen påpeikar at tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket med riving og oppføring av ny Fjellhytte i Ortnevik ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig. Oppføring av nytt bygg med same storleik og utforming på same stad som det står ei hytte i dag, vil ikkje endra landskapets art og karakter, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet.



På bakgrunn av vurderingane rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til å bygge opp att ny hytte med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.